

Saksbehandlar: Hogne Haktorson, Kontrollsjef, Vestland

Sak nr.: 2016/3311-31

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Fellesnemnda		13.03.2019

Organisering og lokalisering av sekretariat for kontrollutvalet i Vestland fylkeskommune

INNSTILLING frå kontrollutvalet i Hordaland fylkeskommune

Innstilling

1. Fylkestinget er tilsettingsorgan for kontrollsjefen, etter innstilling frå kontrollutvalet.
2. Kontrollutvalet har arbeidsgjevaransvar for kontrollsjefen, og vel kven frå utvalet som har fullmakt til å forhandla og fastsetta løn og arbeidsvilkår for kontrollsjefen.
3. Kontrollsjefen har arbeidsgjevaransvar for sekretariatet, og kan endra tal tilsette parallelt med inntening på eksterne oppdrag.
4. Eksterne oppdrag er i hovudsak overfor kontrollutval i Vestland fylke.
5. Sekretariatet har sete i Bergen og avdelingskontor i Leikanger.
6. Prinsippa som er gjort greie for i denne saka, er førande for arbeidet i sekretariat for kontrollutvalet.

INNSTILLING frå kontrollutvalet i Sogn og Fjordane fylkeskommune

Dette gir følgjande VEDTAK:

1. Kontrollutvalet tilset kontrollsjef.
2. Kontrollutvalet har arbeidsgjevaransvar for kontrollsjefen, og vel kven frå utvalet som har fullmakt til å forhandla og fastsetta løn og arbeidsvilkår for kontrollsjefen.
3. Kontrollsjefen har arbeidsgjevaransvar for sekretariatet, og kan endra tal tilsette parallelt med inntening på eksterne oppdrag.
4. Eksterne oppdrag er i hovudsak overfor kontrollutval i Vestland fylke.
5. Sekretariatet har sete i Bergen og Leikanger.
6. Prinsippa som er gjort greie for i denne saka, er førande for arbeidet i sekretariat for kontrollutvalet

Vedlegg:

- 1: Partsbrev – Organisering og lokalisering av sekretariat for kontrollutvalet i Vestland fylkeskommune – HFK 11.02.2019
- 2: Melding om vedtak - Organisering og lokalisering av sekretariat for kontrollutvalet i Vestland fylkeskommune – SFJ 11.02.2019

SAKSFRAMSTILLING

Samandrag

Kontrollutvala i Sogn og Fjordane fylkeskommune og Hordaland fylkeskommune har handsama sak om organisering og lokalisering av sekretariat for kontrollutvalet for Vestland fylkeskommune slik:

- Kontrollutvalet i Hordaland fylkeskommune sak PS 22/19 i møte 11.02.2019
- Kontrollutvalet i Sogn og Fjordane fylkeskommune sak 7/19 i møte 11.02.2019

Begge kontrollutvala har likelydande saksframlegg som var lagt fram av kontrollsjef i Vestland fylkeskommune. Dette låg til grunn for handsaming av saka, men kontrollutvala har vedteke forskjellige innstillingar til fellesnemnda.

Saksframlegg med saksprotokoll frå begge møta ligg ved.